



# Trafikktryggleik

## Barnehagane i Seljord

seljord.kommune.no

### Formål

Trafikksikker barnehage er eit konsept som er utarbeidd for å sikre at trafikktryggleiks-arbeidet til barnehagen oppfyller krava i lover og forskrifter. Å bli godkjent som trafikksikker barnehage er eit kvalitetstempel for godt og heilskapleg trafikktryggleiks-arbeid, men det er ingen garanti for at det ikkje skjer ulykker.



### Levering og henting i barnehagen

- Alle barn skal vere sikra med 3 punktts belte i bil/offentleg transport til og frå barnehagen
- Foreldre og personalet skal rygge på plass bilen på parkeringsplassen.
- Barn skal vere under oppsyn av foreldre/personal når dei ferdast på parkeringsplassen
- Kvar gong ein gjeng ut og inn av porten og utgangsdøra skal denne lukkast forsvarleg.
- Alle foreldre skal opprette kontakt med personalet ved levering og henting av barna kvar dag.
- Alle barn skal kryssast inn og ut av personalet kvar dag.



### Turar med privatbil og offentlig transport

- Foreldre må gje løyve for at barnehagen skal kunne ta med barn på tur i nærmiljøet. Foreldre må og tillate bruk av offentlig transport, og transport i bil med godkjent barnesete dersom det skal vere aktuelt. Dette skal gjerast digitalt i My Kid.
- Dersom det er aktuelt med transport av barn i bil eller offentlig transport stiller barnehagen krav om sikring i godkjent barnesete med trepunktts belte.
- Trygg Trafikk tilrår at ein ikkje nyttar privatbilar med foreldre eller tilsette som sjåførar på turar. Dette er i trå med barnehagens haldning. Det skjer berre unntaksvis dersom situasjonen krev det, til dømes ved behov for rask legehjelp. Då skal foreldre varslast fyrst dersom vi får tak i dei.

---

Hugs forsvarleg sikring av barna i bilen.

---

## Foreldresamarbeid

Foreldra og dei barnehagetilsette er viktige rollemodellar for barna.

På foreldremøte kvar haust går vi gjennom trafikksikkerhetsrutiner i barnehagen.



## På tur til fots i trafikken

- Bemanningsnorma gjeld og på tur. Det skal vere minst to vaksne på turar med barn utanfor barnehagens område. Det skal gå ein vaksen foran og ein vaksen bak i feltet. Er det fleire vaksne med skal dei gå i mellom saman med barna.
- Foreldre og personal skal vite kvar barna går på tur til ei kvar tid. Skal skrivast inn på My Kid.
- Førstehjelpsutstyr og mobiltelefon er alltid med til hjelp i uventa faresituasjonar og ved uhell. Telefonnummer til foreldre, nødnummer inkludert legevakt og nummer til giftinformasjons-sentralen, er lagra på telefonen.
- Personalet gjennomgår førstehjelpskurs kvart tredje år.
- Dersom det oppstår uventa faresituasjonar og uhell har pedagogisk leiar på tur ansvaret for å handtere situasjonen. Styrar varslast, og foreldre informerast.
- Alle vaksne skal vite kor mange barn som er med. Barna skal teljast før turen startar, før ein startar på turen tilbake og i andre overgangar. Telleskjema ligg på My Kid.
- Barn og vaksne skal alltid bruke refleksvest.
- Vanskelege eller farlege punkt på ruta kartleggast og planleggast.
- Barna erfarer trafikkreglar som er relevante for turen under vegs på alle turar. Det er fokus på bruk av syn og hørsel, og å ta det med ro for å kunne orientere seg best mogleg i trafikken. Barna høyrer og om kor viktig det er å bruke refleksvest, sykkelhjelm og bilbelte i situasjonar som krev det.
- Vi nyttar eit pedagogisk opplegg om Tarkus i trafikkopplæringa i barnehagen.
- Trafikktryggleik og trafikkopplæring er årlege tema på foreldremøte om hausten.

## Frå rammeplanen:

«Gjennom arbeid med nærmiljø og samfunn skal barnehagen bidra til at barna utforskar ulike landskap, blir kjent med institusjonar og stader i nærmiljøet og lærer å orientere seg og ferdast trygt.»